

RADØY

TELEFON (05) 357245
5120 MANGER

BYGNINGSRÅDET

KOMMUNE

Manger, den

Herr Sigmund Villanger,
Henrik Wergelandsgate 20,
5000 BERGEN.

DYKKAR SØKNAD AV 09.08.76 OM UNNTAK ETTER LOV AV 10. DESEMBER 1971 OM
PLANLEGGING I STRANDOMRÅDER, MED ENDRING VED LOV AV 4. JUNI 1976.

Radøy bygningsråd har den 21.10.76 sak 289/76 vedtøke å gjera
unntak frå kravet om plan og byggeforbodet i 100-metersbeltet for:
Oppføring av naust på gnr. 18, bnr. 11 av Villanger i Radøy.

Merk: Vilkåret for dispensasjonen er at naustet vert plassert slik at det
ikkje kjem til hinder for vidare utnytting av vika.
Naustet må ikkje innreiast til anna føremål enn det omsøkte.
Endeleg plassering av naustet må godkjennast av teknisk etat.

Ein gjer merksam på at Radøy friluftsnemnd/Hordaland fylkesfriluftsnemnd kan
klage til Miljøverndepartementet innan 2 månader etter at melding om avgjerd
er mottoken. De kan ikkje innretta Dykk etter vedtøket for 2-månadersfristen
er ute, eller det ligg føre melding om at nemndene ikkje vil klage.
Klage frå Radøy friluftsnemnd/Hordaland Fylkesfriluftsnemnd har stoggende
verknad.

Unntak frå Strandplanlova fører ikkje til at byggearbeidet kan setjast i gang
for byggemeldinga er handerna i samsvar med bygningslova av 18. juni 1965 med
gjeldande vedtekter.

Unntak frå Strandplanlova fell bort dersom det ikkje er nytta innan 5 år.

Radøy friluftsnemnd/Hordaland fylkesfriluftsnemnd har fått melding om vedtøket
og om at eventuell klage frå nemnda vert å senda bygningsrådet innan 2 månader,
for vidare ekspedisjon gjennom formannskap, fylkesutval til departementet.

Manger, den 29.10.76.

Etter fullmakt

Bygningsrådet i Radøy

Kornelius Sylta
Kornelius Sylta

Kopi til: Fylkesutvalet i Hordaland
Fylkesfriluftsnemnda i Hordaland

Utskrift av møtebok

for BYGNINGSRÅDET I RADØY

i møte den 23. mars 1977

Av medlemer var til stades (møtande varamenn medrekna).

Sak 68/77. Byggemelding frå Sigmund Villanger, Henrik Wergelandsgt. 26, 5000 BERGEN, for oppføring av naust på gnr. 18, bnr. 11 av Villanger i Radøy.

Bygningsrådet gav i møte 21.10.76 dispensasjon frå Strandplanlova for oppføring av naustet.

Frå grunneigarane Bernt Villanger og Hans Bjørkhaug ligg det føre skriv der dei krev å få vera med under plasseringa av naustet, og at grunnspørsmålet må vera ordna for byggeløyve vert gjeve.

VEDTAK: Bygningsrådet godkjenner oppføring av naust i samsvar med byggemelding.

Naustet må gjevast ei slik utforming og fargesetnad at det ikkje verkar dominerande i lendet. Det må heller ikkje innreiast til anna føremål enn omsøkt.

Arbeidet må ikkje setjast igang for grunnspørsmålet er i orden.

Plasseringa må vera i samsvar med vilkåra sett i vedtak i bygningsrådet, sak 289/76, og må godkjennast av Teknisk etat.

Rett utskrift.

Mønter, 25. mars 1977
for Bygningsrådet i Radøy
Gerd Kartveit
e.f.

Går til: Sigmund Villanger.